

**Forvaltningskomiteen har i dag fatta eit nytt, positivt vedtak for at Per Arild Sjøwall skal få bygja bustad i Kleivadalen. Vedtaket vart gjort med 5 mot 3 røyster og fleirtalet gjekk inn for dispensasjon. Dei 5 var fire Frp-representantar og ein frå Senterpartiet.**

**Dei 3, som var to frå Ap og ein frå Innbyggjarpartiet, stemte i tråd med forslag frå rådmannen i mot dispensasjon. Fylkesmannen er også i mot.**

Øyvind Hardeland (Ap) sa i komiteen at det ikkje var gagn i å fatte positive vedtak gang på gang i ein skilde saker så lenge fylkesmannen held på sitt. Ein bør heller satsa på saker der ein veit at ein har ein sjanse.

Thorleif Hellesøy (Frp) kunne ikkje forstå motstanden frå fylkesmannen i denne saka og det kunne heller ikkje Endre Blokhus, som viste til at det er eit samanhengjande byggjefelt i området. Og naboane har ikkje lagt for dagen innvendingar.

I det siste klagesvaret sitt har Sjøwall halde fram at han ser det som naturleg å fortette med ein bustad på denne tomte. Terrenget er bratt og ulendt, men lite brukt. Naboegedomane viser at bygningar kan gli fint inn i terrenget utan store inngrep.

Av Ola Matti Mathisen